

PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 27. juni 2008 kl. 09.50 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

SAKSLISTE:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Sjukehusbarnehagar

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte: Statssekretær Dagfinn Sundsbø

Frå styret møte:

Styreleiar Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Ohene Aboagye
Gunnar Berge
Eli Moldeklev
Gro Skartveit
Nils P. Støyva

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades:

Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Seniorrådgiver Bjørg Leinum Seim

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak, og møtte ved Beate Seim Midlien.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Dagfinn Sundsbø ønskte, som øvste eigarmakt, velkommen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold blei valde til å underskrive protokollen.

Statssekretæren overlét møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Sjukehusbarnehagar

Føretaksmøtet viste til tidlegare utsendte brev til Helse Vest RHF dagsett 30. mai 2008 med vedlagt brev til Helse Sør-Øst RHF dagsett 17. desember 2007. Ei interdepartemental arbeidsgruppe leia av Kunnskapsdepartementet har kartlagt finansieringssituasjonen for sjukehusbarnehagane og har vurdert alternative tiltak.

Føretaksmøtet viste til at denne saka er av spesiell karakter og til tidlegare føringar gjeve i St.prp.nr.1 (2006-2007) der det er lagd til grunn at aktuelle kommunar og helseføretak ut frå lokale behov finn løysingar som bevarer talet på naudsynte barnehageplassar.

Sjukehusbarnehagane har vore eit viktig tema i hovudstadsområdet, men problemstillinga gjeld alle helseregionar. Det er store skilnader i finansieringa av sjukehusbarnehagane både når det gjeld omfanget av kommunane si avkorting av kommunale tilskot og når det gjeld sjukehusa si eigenfinansiering av sjukehusbarnehagar.

Føretaksmøtet vil også informere om at regjeringa planlegg å leggja om til rammefinansiering for barnehagar frå 2011. Dei planlagde endringane vil ha innverknad på kommunane sine tilskot til sjukehusbarnehagane gjennom at alle sjukehusbarnehagane vil bli tildelt tilskot på lik linje med andre ikkje-kommunale barnehagar.

Føretaksmøtet presiserte at det er viktig at helseføretaka finn løysningar som gjer at dei ikkje bidrar til at talet på barnehageplassar blir redusert der dei trengst for å nå full barnehagedekning.

Føretaksmøtet vedtok:


Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF sørgjer for at helseføretaka søker å finne løysningar som gjør at dei ikkje bidrar til at talet på barnehageplassar minkar i kommunar der dei trengst for å nå full barnehagedekning.

Møtet blei heva kl 10.00.

Oslo, 27. juni 2008

Frode Myrvold

Frode Myrvold



Oddvard Nilsen

Oddvard Nilsen